



Eirin K.Rørheim og Elisabeth Rebaudo skal syngja med jentebandet Playing Psycho under Aktivitetsdagen (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Aktivitetshusets Damevenner er i full gang med innspurten av planleggjinga til årets Aktivitetsdag i Båthamna, og det er ikkje lite dei kan by på i år:
Anita Enæs skriv slik i ei melding til oss:**

Kvinnherad Trekkspelklubb & Brazzooka burde vera velkjente for dei fleste - dei kjem og spelar. I tillegg vil Birte Nybakk & Ingeborg Skarsfjord spela og synga.

Det vil og eit lokalt jenteband som kallar seg Playing Psycho. Sjørøvarkaptein Sprød er observert på full fart med fulle seil mot Uskedal Båthavn, det blir andaløp og sjølvsagt Hopp i Havet-konkurranse. I tillegg så kjem Eliasbåten, Tøffetoget, brannbilen, bondelaget vil ha stand med diverse dyr og aktivitetar, det blir salg av grillmat, kaffi, kaker & sukkerspinn. Ein kan prøva lykken på lynlotteri eller lykkehjulet. Ansiktsmaling og hoppeslott kan ein også prøva. Eller kanskje ein vil prøva seg i bokseringen med megastore boksehanskar?

PS! Vitreng framleis fleire frivillige til å vera med å hjelpe til denne dagen - så har du lyst og anledning til å vera med er det bare til å melda seg til ein Damevenn.

Aktivitetshusets Damepirater



Sjørøvarkaptein Sprød klar til å hoppa i havet ein tidlegare aktivitetsdag (Foto: Ola Matti Mathisen)